

MØTEBOK

Organ	Fylkesutvalet
Møtestad	Førde - Scandic Sunnfjord Hotel & Spa
Møtedato	12.02.2018
Kl.	09:05 – 09:50

Faste medlemmer til stades:

Jenny Følling, Sp
Sigurd Reksnes, Sp
Aleksander Øren Heen, Sp
Trude Brosvik, KrF
Åshild Kjelsnes, Ap
Helen Hjertaas, Ap
Bjørn Erik Hollevik, H

Forfall til møtet:

Gunhild Berge Stang, V
Hilmar Høl, Ap

Varamedlemmer til stades:

Marita Gunn Aarvik, FrP

Til stades med møte- og talerett:

Fylkesrådmann Tore Eriksen

Sekretariat for møtet:

Svein Hågård

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Sak 12/18 vart handsama før sak 11/18. Elles handsama fylkesutvalet sakene i den rekkjefølgja som framgår under.

Fylkesutvalet valde fylkesordføraren og Aleksander Øren Heen til å godkjenne møteboka på vegner av organet.

Fylkesutvalet vedtok å lukke dørene under handsaminga av sak 10/18, jf. kommunelova § 31 nr. 5, jf. offentleglova § 23 første ledd.

Advokatfirmaet Lund & Co, v/advokat Per Andreas Bjørgan, var med på telefon under handsaminga av sak 10/18.

SAK 10/18 Eigarskapen i SFE AS - søksmål og vidare forhandlingar

VEDTAK:

Som ledd i oppfølginga av fylkestinget sitt vedtak i sak 49/16 om å arbeide for å sikre at verdiane som ligg i den fylkeskommunale eigarskapen i SFE AS blir verande i dagens Sogn og Fjordane, gjer fylkesutvalet slikt vedtak:

1. Etter utløpet av fristen som er sett i utkastet til prosessvarsel, reiser Sogn og Fjordane fylkeskommune eventuelt fastsetjings søksmål mot BKK AS for å få ei rettsleg avklaring av om fylkeskommunen sin eigarskap i Sogn og Fjordane Holding AS kan organiserast med aksjeklassar utan at dette utløyser forkjøpsrett til Sogn og Fjordane Holding AS sine aksjar i Sogn og Fjordane Energi AS. Fylkeskommunen reiser det eventuelle søksmålet etter dei modellane for overdraging av aksjar som følgjer av pkt. 3.2 i vedlegg 2.
2. Fylkesutvalet ber samstundes fylkesrådmannen forhandle nærmare med BKK AS med sikte på at selskapet skal gå heilt ut av Sogn og Fjordane Energi AS.
3. Dette vedtaket, samt vedlegg 2, er offentleg etter at BKK AS har motteke prosessvarselet, jf. vedlegg 2.

SAK 11/18 Skriv og meldingar fylkesutvalet 12. februar 2018

Følgjande skriv og meldingar vart handsama:

- 1: Namn på den nye fylkeskommunen på Vestlandet - møte med KMD

-----//-----

Fylkesutvalet tilrår at namnet til det nye samanslåtte fylket Hordaland og Sogn og Fjordane vert «Vestland».

- 2: FV 92 - Søreide - Høyanger, Straumenprosjektet - Søknad om prosjektmidlar til å greie ut heve/svingebru
- 3: Svar på søknad til NHO-konferansen «Vest i Øst»
- 4: Ja til utjamning av nettleiga

-----//-----

Fylkesutvalet støttar utkast til fråsegn

- 5: Fråsegn om innlemming av EU sin 3. energimarknadspakke i norsk lov

-----//-----

Fylkesutvalet gir fylkesordføraren fullmakt til å sende fråsegn.

SAK 12/18 Etablering av sekretariat for Nordsjøkommisjonen på Vestlandet

VEDTAK:

1. Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane meiner Vestlandsrådet på noverande tidspunkt bør trekkje den ikkje-bindande søknaden om å vere vertskap for eit permanent sekretariat i Nordsjøkommisjonen for perioden 01.06.2018 – 31.12.2021.
2. Det er per i dag ikkje tilslutnad frå alle dei norske medlemsfylka om å medverke i eit spleiselag på finansieringssida. Meirkostnaden for Vestlandsrådet, eller den fylkeskommunen som eventuelt tek på seg ei slik rolle, vil difor vere stor.
3. Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane meiner det nye vestlandsfylket, med dagens Sogn og Fjordane og Hordaland, bør vurdere å ta på seg sekretariatet for Nordsjøkommisjonen etter at sekretariatsperioden 01.06.2018 – 31.12.2021 er over.
